

Meld deg på til Hopp i havet!

22.05.2012



No er det igjen klart for årets hending i Uskedalen

Vi ynskjer firma, lag, organisasjonar og enkeltpersonar velkomen til uhøgtidleg moro i Uskedalen Båthavn laurdag 9.juni 2012.

Vi utfordrar konkurrerande verksemdar til å møta kvarandre i kappestrid der kreativitet og samspel får fri utfolding. Lag ein farkost som kan sleppast frå ei rampe, så er du igang!

Fleire firma har dei siste åra hatt vellukka sosiale treff under aktivitetdagen, og vi ynskjer både disse og mange nye velkomen!

**Meld deg eller ditt firma på innen 8.6 til :
sigurd.borve@kneff.no.**



Premier til:

- Raskeste
- Mest kreative
- Største optimist

Lat deg inspirera av vedlagde plakat og meld deg på til Hopp i havet laurdag 9. juni klokka 15 lyder apellen frå Uskedalen Aktivitetshus og Aktivitetshusets Damevenner.

Dei har no skreve om dette høgdepunktet i året til oss alle og det er Sigurd Børve på telefon 90 73 27 89 eller sigurd,borve@knett.no som tek imot påmeldingane

Han uttrykkjer seg slik:

'Hopp i havet gir dykk høve til å samla arbeidskollegaer til ein sosial happening som ved gode førebuingar ved byggjing av farkost og ein triveleg og morosam dag i Uskedalen kan vera med og auka trivselen og teamfølelsen i ditt firma eller lag'

Og vi legg til: Kva med å utfordra ein rival eller konkurrent?